

(A) = Åpen, kan bestilles fra Universitetet i Stavanger / Arkeologisk museum

(B) = Begrenset distribusjon

(C) = Kan ikke utleveres



Arkeologisk overvaking i samband med graving av trasear for naturgassrør i Stavanger sentrum.

Bergjeland, gnr. 55, "Stavanger mellomalderby", Stavanger k.

Even Bjørdal

AM saksnummer: 05/2007

Journalnummer: 07/111

Dato: 21.12.2009
Sidetall: 8 + vedlegg
Opplag: 10

Oppdragsgiver: Lyse Infra AS
Postboks 8124
4069 Stavanger

Stikkord:

Grøftetraséar, påfylde moderne massar, kulturlagsrestar frå 1700-/1800-talet, to restar av murar



Universitetet
i Stavanger

Arkeologisk museum

Oppdragsrapport 2009/34
Universitetet i Stavanger,
Arkeologisk museum,
Avdeling for fornminnevern

Utgjevar:
Universitetet i Stavanger
Arkeologisk museum
4002 STAVANGER
Tel.: 51 83 31 00
Fax: 51 84 61 99
E-post: post-am@uis.no

Stavanger 2009

Arkeologisk overvaking i samband med graving av trasear for naturgassrøyr i Stavanger sentrum.

Bergjeland, gnr. 55, "Stavanger mellomalderby",
Stavanger k.

Even Bjørdal



Universitetet
i Stavanger

Arkeologisk museum

Universitetet i Stavanger Arkeologisk museum OPPDRAGSRAPPORT	RAPPORTNUMMER 2009/34
Universitetet i Stavanger Arkeologisk museum, 4036 Stavanger Telefon: 51832600, fax: 51832699, e-post: post-am@uis.no	TILGANG
RAPPORT TITTEL <i>Arkeologisk overvaking i samband med graving av trasear for naturgassrør i Stavanger sentrum. Bergjeland, gnr. 55, "Stavanger mellomalderby", Stavanger k.</i>	SIDETAL: 8 sider + vedlegg
	OPPLAG: 10
	DAT0: 23.12.2009
Journalnr.: 07/111 Am saksnr.: 05/2007 ID i Askeladden: 132374 SAKSHANDSAMAR: Helge Sørheim FORFATTAR: Even Bjørdal	

OPPDRAGSGJEVAR Lyse Infra AS Postboks 8124 4069 Stavanger	OPPDRAGSGJEVAR SI REF.
Overvaking utført av AmS for NIKU Distriktkontor Bergen	
REFERAT Saka gjeld arkeologisk overvaking av gravinga av grøftetrasear for distribusjon av naturgass innan Stavanger sentrum. Tiltakshavar Lyse har av Riksantikvaren fått dispensasjon til å etablere dette røyrnettverket innanfor "Mellomalderbyen Stavanger" på vilkår om å ta kostnadane ved den pålagde arkeologiske overvakinga. Det vart lagt trasear fleire stadar innan byen (jf. vedlegg 2). Rapportforfattaren overvaka graving i Kongsgata, Klubbegata, ved Obsthellers plass, Bergelandsgata og Østervåg. I tillegg besøkte H. Sørheim ved AmS grøftegraving i Breigata og Bakkegata. Grøftene vart i hovudsak lagt til eksisterande grøftetraséar, og grunnen bestod difor for det meste av røyr, leidningar og massar påfylt i dei siste hundreåra. I Kongsbakken støyte ein i botnen av grøfta på eit kulturlag av mørk, kompakt masse med organisk innhald, keramikk og tegl mm. Dette vart tolka til å stamme frå 1700-/1800-talet. I Kongsbakken, rett V om inngangen til Handelens Hus, vart det påvist ein rest av ein steinmur i grøfta. Denne blei etter samtale med sakshandsamar hos AmS ikkje vurdert til å vere eit freda kulturminne. Innan grøfta langs det offentlege servicekontoret ved Obsthellers plass, støyte ein på delar av ytterlegare ein mur av stein og ei flat steinhelle like inntil han. Dette blei tolka som restar av ein bygning frå dei siste hundreåra, og ikkje vurdert som eit freda kulturminne. Innan dei øvrige grøftene vart det ikkje påvist spor etter kulturlag eller bygningsrestar. Det vart ikkje gjort gjenstandsfunn.	
STIKKORD	
Grøftovervaking, "Mellomalderbyen Stavanger", restar av steinmurar, etterreformatoriske kulturlag.	

Innholdsoversyn

1. Samandrag
2. Innleiing
3. Tidsrom og deltakarar
4. Metode
5. Kort om overvakinga
6. Oppsummering
7. Litteratur/korrespondanse
8. Vedlegg

Vedlegg 1 Fotoliste

Vedlegg 2 Kart som viser grøftetraséane i Stavanger

Figurar

Figur 1 Døme på mørkt kulturlag i grøfta ved Kongsgata, her ca 5 m frå Klubbgata. Foto mot S...s.5

Figur 2 Rest av mur påvist i grøfta ved Kongsgata. Foto mot V...s.6

Figur 3 Rest av mur påvist i grøfta ved Kongsgata. Foto mot S...s.6

Figur 4 Rest av mur i grøft ved servicekontoret. Foto mot Ø...s.7

Figur 5 Rest av mur i grøft ved servicekontoret. Helle i botnen av grøfta. Foto mot N...s.7

1. Samandrag

Saka gjeld arkeologisk overvaking av gravinga av grøftetraséar for distribusjon av naturgass innan Stavanger sentrum.

Det vart lagt trasear fleire stadar innan byen (jf. vedlegg 2). Rapportforfattaren overvaka graving i Kongsgata, Klubbgata, ved Obstfelders plass, Bergelandsgata og Østervåg, Helge Sørheim ved AmS i Breigata og Bakkegata.

Grøftene vart i hovudsak lagt til eksisterande grøftetraséar, og grunnen bestod difor for det meste av røyr, leidningar og massar påfylt i dei siste hundreåra.

I Kongsbakken støytt ein i botnen av grøfta på eit kulturlag av mørk, kompakt masse med organisk innhald, keramikk og tegl mm. Dette vart tolka til å stamme frå 1700-/1800-talet.

I Kongsbakken, rett V om inngangen til Handelens Hus, vart det påvist ein rest av ein steinmur i grøfta. Denne blei etter samtale med sakshandsamar hos AmS ikkje vurdert til å vere eit freda kulturminne.

Innan grøfta langs det offentlege servicekontoret ved Obstfelders plass, støytt ein på delar av ytterlegare ein mur av stein og ei flate steinhelle like inntil han. Dette blei tolka som restar av ein bygning frå dei siste hundreåra, og ikkje vurdert som eit freda kulturminne.

Innan dei øvrige grøftene vart det ikkje påvist spor etter kulturlag eller bygningsrestar.

Det vart ikkje teke gjenstandar inn til muséet, det blei heller ikkje teke ut makroprøver.

2. Innleiing

Den arkeologiske overvakinga kom i stand på grunn av at tiltakshavar Lyse ønskte å utforme eit nettverk av gassrørleidningar gjennom bysentrumet i Stavanger. Lyse fekk dispensasjon av Riksantikvaren til å grave grøfter for dette røyrnettverket innanfor "Mellomalderbyen Stavanger" på vilkår om å ta kostnadane ved den pålagde arkeologiske overvakinga (jf. brev frå Riksantikvaren, 2007). Riksantikvaren peikte mellom anna på at traséen i Kongsbakken ville kutte seg gjennom eit område som låg i nærleiken av Domkyrkja, her kunne det vere bevart kulturlag i grunnen.

Arkeologisk museum i Stavanger (no Am/UiS) gjorde på vegne av NIKU Distriktskontor Bergen først ei arkeologisk vurdering av tiltaket og sette så opp eit budsjett for overvakinga (jf. AmS, 2007). Sjølv overvakinga vart så utført av ein arkeolog tilsett av AmS.

3. Tidsrom og deltakarar

Overvakinga føregjekk innan perioden 16. desember 2007 - 5. mai 2008. Meir spesifikt, så var arkeolog Even Bjørdal til stades ved grøftegravinga på dei følgjande datoane: 16.-17.12. 2007 (trasé over Klubbgata), 15.-18.01. / 21.-25.01. / 28.- 31.01. / 05.02. 2008 (trasé i Kongsgata til parkeringshuset på Domkirkeplassen), 12.-15.02. / 18.02. / 20.02. 2008 (trasé langs Klubbgata og ved Obstfelders plass), 26.-27.02. / 10.03. / 13.-14.03. 2008 (traséar i Bergelandsgata), og 05.05.

2008 (trasé i Østervåg). Forskar Helge Sørheim ved AmS følgde grøftegravinga opp Breigata og inn Bakkegata ved fleire, tilfeldige besøk.

Sjølve gravinga vart utført av mannskap frå Risa og Bjørns Hage og Anlegg, med Guttorm Gudmestad frå Risa som kontaktperson undervegs i arbeidet.

4. Metode

Den arkeologiske overvakinga føregjekk i hovudsak på to vis.

Ein måte var at arkeologen kontinuerleg var til stades og heldt auge med all grøftegraving. Dette gav han særleg god kontroll med graveprosessen og oversyn over det som måtte dukke opp av gjenstandsfunn, strukturar eller lag. Denne metodikken vart teken i bruk ved traséane i Kongsgata, Klubbgata og delvis ved Obstfelders plass.

I dei områda der det verka mindre sannsynleg å støyte på freda kulturminne i bakken, valde ein i staden å basere seg på å observere sjakter ved "stikkprøver" undervegs i gravinga og så ein inspeksjon før dei vart fylte att. Arkeologen sørga for at gravemanskapa fekk forklart kva slags typar strukturar, gjenstandar og lag dei skulle vere særleg observante på, og det var rutinar for når arkeologen skulle tilkallast. Denne metodikken vart nytta i Bergelandsgata, Østervåg og delvis ved Obstfelders plass.

Arkeologen utførte dokumentasjon av tilhøve påvist i grøftene ved fotografering (jf. vedlegg 1), manuell oppmåling med måleband og tommestokk og ved skriftlege notatar og enkle skisser. I tillegg vart det laga ei grov teikning av den påviste murresten i grøfta i Kongsgata (denne teikninga er ikkje lagt med her, men finst i det arkiverte originalmaterialet hos Am).

Grøftene varierte noko i breidde og djupne alt etter tilhøva på staden, men jamnt over var dei ca 1,20 - 2,00 m breie og ca 70 - 130 cm djupe. Det nøyaktige antal overvaka meter med grøft vart ikkje målt inn med måleband i felt, studier av kart i ettertid tyder på at den totale overvaka distansen var på omlag 180 m.

5. Kort om overvakinga

Her følgjer ei kortfatta skildring av overvakinga av dei enkelte grøftene:

16.-17.12. 2007 (trasé over Klubbgata):

Like i nærleiken av krysset med Kongsgata, vart det grave ei grøft tvers over Klubbgata. Dette vart gjort på kveld og natt, for å unngå å stoppe trafikken meir enn naudsynt i den mykje brukte Klubbgata. Grøfta var ca 120 cm brei og mellom 100 og 120 cm djup. Profilveggane viste tydeleg at gata var bygd opp av fleire lag av diverse påfylt masse (sand, grus, brustein, tegl, knust stein mm.) Det var ingen teikn på kulturlag eller verneverdige strukturar eller gjenstandar i grøfta.

15.-18.01. / 21.-25.01. / 28.- 31.01. / 05.02. 2008 (trasé i Kongsgata til parkeringshuset på Domkirkeplassen):

Denne grøfta heldt fram frå den ovanfor nemnde traséen over Klubbgata og oppover langs Kongsgata fram til inngangen til parkeringshuset. Grøfta blei lagt mellom ei rekkje planta tre på fortauet og veggan til Handelens Hus. Det var tydleg at det allereie fanst ein trasé for eldre røyr og leidningar her. Noko problem i oppstarten av gravinga pga vatnlekkasje inn i grøfta frå eit knust røyr, men elles gjekk det greit.

Fleire stadar langs traséen støytte ein i botnen av grøfta på eit kulturlag av mørk, seig og kompakt masse, med tydleg innslag av nedbrote organisk materiale, raud tegl og 1700-/1800-tals keramikkskår (jf. Fig 1). I samråd med sakshandsamar på AmS vart det avgjort at dette laget



Figur 1: Døme på mørkt kulturlag i grøfta ved Kongsgata, her ca 5 m frå Klubbgata. Foto mot S.

ikkje var så interessant at ein skulle bruke tid på å teikne stratigrafien i området. Profilveggane blei difor som elles i grøftene dokumentert ved hjelp av foto og skriftlege notatar. Grøfta ved Kongsgata vart aldri så djup at ein grov seg gjennom dette mørke "søppellaget", difor kjenner ein ikkje tjukna på det; ein grov seg på det meste 10-20 cm ned i laget. Lengst nede i krysset mot Klubbgata dukka dette laget opp ca 100 cm under dagens overflate. Så kom det ei strekning der grøfta ikkje vart graven så djupt at ein kom ned på eit eventuelt liknande lag her, men nokre meter før inngangen til Handelens Hus blei det mørke laget påvist i den sørlege grøftprofilen att. Her låg laget ca 70 - 90 cm under dagens overflate, og ein kunne følgje dette laget i botnen av grøfta stort sett heile vegen opp til hjørnet av Handelens Hus og nedkøyrsla til parkeringshuset. Her på hjørnet var det tydleg fleire og meir omfattande moderne nedgravingar knytt til røyr og ein betongkum. Både sør- og nordprofilen av grøfta blei fotografert etter beste evne, men regn og dårlege lystilhøve hadde negativ innverknad på kvaliteten til bileta.



Figur 2 og 3: Rest av mur påvist i grøfta ved Kongsgata. Fig.2 (til venstre) foto mot V. Fig. 3 (til høgre) foto mot S.

Rett vest om inngangen til Handelens Hus blei det påvist restar av ein steinmur (jf. Fig. 2, 3). Denne var utan sement eller mørtel som bindemiddel, bevart i høgda i to omfar og gjekk på skrå gjennom grøfta. Det verka som at anten ein tidlegare grøftrasé her eller bygginga av sjølv Handelens Hus har kuttet vekk den nordvestlege delen av muren, for den eine enden på muren var synleg innan grøfta. I motsett retning heldt muren fram inn i den sørlege grøftprofilen. Den øvste delen av muren låg ca 40 cm under dagens overflate, dei nedste steinane kvilte på det mørke "søppellaget", ca 80 cm under dagens overflate. Dette laget fanst også på innsida av muren, dvs mot grøftprofilen i sør, og her låg laget noko høgare oppe. Dette *kan* tyde på at muren tilhøyrer ein konstruksjon som var delvis skoren ned i det mørke kulturlaget. Muren var bevart i ei høgde på ca 40 cm og ei synleg lengde på ca 3,00 m. Etter at det var blitt laga ei grov teikning og utført diverse oppmålingar og fotografering, fjerna ein den delen av muren som var i vegen for røyra i grøfta.

Den resterande delen av grøfta, fram til slutt punktet ved inngangen til parkeringhuset, innheldt berre røyr og tydleg nyare, påfylde massar.

Grøfta i Kongsgata hadde ei breidde på ca 120 - 200 cm og ei djupne på ca 70 cm - 120 cm.

12.-15.02. / 18.02. / 20.02. 2008 (trasé langs Klubbgata og ved Obstfelders plass):

Denne traséen var ei forlenging av grøfta som ein grov over Klubbgata i desember 2007, ein heldt no fram langs Klubbgata i søraustleg retning og svinga inn langs veggen av det offentlege servicekontoret like ved Obstfelders plass.

Grøfta vart deretter lagt opp Pedersbakken til Bergelandsgata, men strekninga i Pedersbakken vart ikkje overvaka av rapportforfattaren.

Byrjinga av grøfta gjekk i grunnen under fortauet parallelt med Klubbgata, her var det berre påfylde massar av sand og grus frå nyare tid. Den første delen av grøfta langs veggen til det offentlege servicekontoret var under kontinuerleg overvaking, men påvisinga av berre påfylte, moderne massar av sand, grus og sprengt stein gjorde at ein i staden valde å gå over til inspeksjon før attfylling. Det medførte at arkeolog ikkje var til stades når gravemannskapa støytte på restar av ein mur nede i grøfta (jf. Fig. 4, 5). Denne muren var bygd av til dels store, grove steinar (fleire titals kilo) og var på to stadar bevart i to omfar. Muren låg parallelt med og delvis inne i den nordlege halvdelen av grøfta. Muren var bevart i ca 7 m lengde og i 50 - 60 cm høgde. Dei nedste

synlege steinane utgjorde truleg botnen av muren, det var ingen indikatorar på fleire omfar djupare nede i grunnen. Toppen av muren låg ca 30-40 cm under dagens gatenivå. Rett inntil og på sørsida av muren fanst det i botnen av grøfta noko som verka å vere ein stor, flat stein/helle, denne heldt truleg fram mot sør og var minst 20 cm tjukk. På austsida av hella var det i botnen av grøfta eit flatt område med hardpakka jord, knust stein og keramikkskår. Denne hella starta ca 3,40 m frå den vestlege enden av steinmuren og var ca 100 cm lang. I området med muren og hella låg grøfta ca 1,80 m frå husveggen til servicekontoret, den vestlegaste enden av muren låg omlag 10 m frå det austlege hjørnet til sørveggen av bygningen.



Figur 4 og 5: Rest av mur i grøft ved servicekontoret. Fig 4 viser foto mot Ø, Fig 5 viser mur og helle i botnen, foto mot N.

Sidan gravemannskapa allereie hadde lagt ned røyra i denne delen av grøfta før arkeologen kom, var det vanskeleg å få fullgodt oversyn over tilhøva. Men ettersom røyra kunne leggest ned og grøfta fyllast att utan at ein måtte fjerne verken steinane i muren eller hella i botnen, valde ein å berre dokumentere situasjonen ved hjelp av foto og skriftlege notatar. I samråd med sakshandsamar på AmS vart muren vurdert til ikkje å tilhøyre eit frede fortidsminne, men heller eit hus frå dei siste hundreåra.

26.-27.02. / 10.03. / 13.-14.03. 2008 (traséar i Bergelandsgata):

Det blei utført periodisk overvaking av to traséar i samband med Bergelandsgata: ei kort grøft i fortauet under utbygget på Tinghuset på austsida av gata og ei lenger grøft langs vestsida av gata frå krysset med Pedersbakken og nordover mot Nytorget. I grøfta på austsida var det berre moderne massar over grunnfjell, medan det i grøfta på vestsida var diverse nyare tids påfylde massar og røyr i ein eksisterande trasé. Grøfta på vestsida var ca 60-80 cm djup og ca 1,50 m brei, medan den mindre grøfta på austsida var ca 60 cm djup og hadde ein storleik på ca 2,0 x 4,0 m.

05.05. 2008 (trasé i Østervåg):

Grøfta langs gata i Østervåg var ikkje vurdert å treffe på frede kulturminne. Arkeologen gjennomførte likevel på eit tidspunkt ein kort observasjon av tilhøva. Den ca 1,10 m djupe grøfta inneheldt som venta berre moderne, påfylde massar av grus og sand. Den undersøkte delen av traséen låg i vegbana inntil fortauet, rett utanfor butikken Nordaker Bunader A/S.

Trasé i Breigata og Bakkegata:

Grøfta blei graven i ca 0,8 m djupne langs SSØ - sida av Breigata og deretter inn i fortauet på VSV - sida av Bakkegata. Ved tilfeldige besøk blei grøfta på ulike stadar observert under gravearbeidet av forskar Helge Sørheim ved AmS (no Am/UiS). Massa var nyare tids fyllmassar og omrota jord ned til fjell/urørt grunn. Det kunne difor ikkje registrerast freda kulturlag i denne delen av traséen.

6. Oppsummering

Den arkeologiske overvakinga av grøfter knytt til Lyse sine gassrøyr i Kongsgata, Klubbgata, ved Obsthellers plass/servicekontoret, Bergelandsgata og i Østervåg påviste ikkje tydlege freda kulturminne i form av kulturlag, strukturar eller gjenstandar. Det klaraste kulturlaget som vart funne, var i Kongsgata. Men dette er vurdert til å stamme frå 1700-/1800-talet. Dei to påviste murstrukturane, høvesvis i Kongsgata og i grøfta ved servicebygget ved Obsthellers plass, er heller ikkje tolka som å utgjere freda kulturminne. Det synest mest sannsynleg at dei har tilhørt konstruksjonar som er oppført i løpet av dei siste hundreåra, det var ikkje noko i stratigrafiske tilhøve eller funnmateriale på staden som klart indikerer at murane var frå før ca år 1700.

Det originale dokumentasjonsmaterialet frå overvakinga, i form av foto, skisser/teikningar og skriftlege notatar, er lagt til Top.Ark. ved Am, UiS.

7. Litteratur/korrespondanse

AmS, 2007 *Stavanger k. Gnr. 55. Traséer for naturgass i Stavanger sentrum.*
Prosjektavtale

Riksantikvaren, 2007 *Innvilgelse av søknad om dispensasjon. Grøftetraséer for naturgass,*
Stavanger sentrum, Stavanger kommune, Rogaland fylke.
Jf. Kulturminneloven § 8 første ledd.

FOTOLISTE



Oppdrag: Overvaking i samband med graving av trasear for naturgass i Stavanger sentrum		Fornminnets art:		År: 2007 - 2008	Fornminnenr./ID-nr.: 132374		Aks.nr.:	Musnr.: Universitetet i Stavanger Arkeologisk museum	
Fotograf: Even Bjørdal		Brevjournalnr.: 07 / 111		FU-saknr.: 05 / 2007		Flyfotoregnr.:		Datering: 1700-/1800-/1900-talet, e. Kr.	
AmS ansv: Helge Sørheim		Film nr.:		Digital	Kommune: Stavanger		Gård: Bergjeland	Gnr.: 55	Bnr.:
AmS arkivnr	Bildnr	Dato	UTM	Kartblad	Retn.mot	Motiv	UDK-nr		
90180	1	17.12.07		jf. vedlegg	ØNØ	Oversynsfoto ved oppstart av graving av grøft over Klubbgata, like ved kryss med Kongsgata. Natt til 17.12. 2008.			
90181	2	17.12.07			ØNØ	Plassering av nye røyr i den gravne grøfta. Profilen viser ymse påfylde masser under vegbana.			
90182	3	17.12.07			S	Plassering av nye røyr i den gravne grøfta. Profilen viser ymse påfylde masser under vegbana.			
90183	4	17.12.07			ØSØ	Plassering av nye røyr i den gravne grøfta. Profilen viser ymse påfylde masser under vegbana.			
90184	5	17.12.07			SV	Oversynsfoto som viser grøfta over Klubbgata i høve til Kongsgata og Domkyrkja.			
90185	6	17.12.07			NV	Plassering av nye røyr i den gravne grøfta. Profilen viser ymse påfylde masser under vegbana.			
90186	7	15.01.08			NØ	Oversynsfoto ved oppstart av graving av grøft frå Klubbgata og oppover Kongsgata i retning av parkeringshuset på Domkyrkjeplassen. Den mørke stripa med asfalt viser traséen for grøfta graven 17.12.07.			
90187	8	15.01.08			NV	jf. ovanfor.			
90188	9	15.01.08			ØNØ	Ved oppstart av gravinga.			
90189	10	15.01.08			ØSØ	Dei første metrane av grøfta, med innslag av nye og eldre røyr og ein betongkum.			
90190	11	15.01.08			ØSØ	Detaljfoto frå dei første metrane av grøfta.			
90191	12	15.01.08			ØSØ	Detaljfoto frå dei første metrane av grøfta.			
90192	13	16.01.08			NNV	Arbeidsfoto: maskin i aktivitet. I bakgrunnen kontora til Postbanken.			
90193	14	16.01.08			Ø	Pumping av vatn ut av grøfta pga lekkasje frå eit røyr. Ein ser fleire lag av påfylde massar, m.a. gammal asfaltoverflate.			
90194	15	16.01.08			N	Profilmfoto som viser nyare lag i vegløpet, m.a. asfalt. I botnen eit mørkt, kompakt og meir organisk lag med innslag av 1800-tals materiale som keramikk og tegl.			


Oppdrag: Overvaking i samband med graving av trasear for naturgass i Stavanger sentrum		Fornminnets art:			År: 2007 - 2008	Fornminnenr./ID-nr.: 132374	Aks.nr.:	Musnr.:	
Fotograf: Even Bjørdal		Brevjournalnr.: 07 / 111		FU-saknr.: 05 / 2007		Flyfotoregnr.:	Datering: 1700-/1800-/1900-talet, e. Kr.		
AmS ansv: Helge Sørheim		Film nr.:		Digital	Kommune: Stavanger		Gård: Bergjeland	Gnr.: 55	Bnr.:
AmS arkivnr	Bildennr	Dato	UTM	Kartblad	Retn.mot	Motiv	UDK-nr		
90195	16	16.01.08			SSØ	Motsett side av grøfta i høve til foto 90193. Fleire eldre røyr i bakken.			
90196	17	16.01.08			SSV	Detaljfoto av område innan foto 90195. Ein ser den mørke, organiske massa i botnen.			
90197	18	16.01.08			NV	jf. foto 90193.			
90198	19	17.01.08			ØSØ	Framhald av grøftegravinga, ein støyter på fleire eldre røyr innan traséen.			
90199	20	17.01.08			VNV	Grøfta vert opna oppover Kongsgata, mellom planta tre her og veggen på Handelens Hus.			
90200	21	17.01.08			VNV	Oversynsfoto over traséen til grøfta så langt.			
90201	22	17.01.08			SSØ	Oversynsfoto over traséen til grøfta så langt. Motsett retning av foto 90200.			
90202	23	18.01.08			VNV	Grøfta oppover Kongsgata innhelt røyr og påfylde masser av m.a. stein, grus og tegl.			
90203	24	21.01.08			Ø	Oversynsfoto. Grøfta nærmar seg inngangen til Handelens Hus i Kongsgata.			
90204	25	21.01.08			V	Oversynsfoto av del av grøfta.			
90205	26	22.01.08			S	Detaljfoto av profil mot sør av grøfta, i området like Ø om inngangen til Handelens Hus. I botnen ser ein liknande mørk, organisk masse (truleg 1800-tals) som lenger nede mot krysset med Klubbgata.			
90206	27	22.01.08			VSV	jf. foto 90205. Ein ser inngangen til Handelens Hus lengst mot høgre i biletet.			
90207	28	22.01.08			VSV	Detaljfoto av område innan foto 90206.			
90208	29	22.01.08			ØSØ	Den sørlege profilveggen av grøfta, rett utanfor inngangen til Handelens Hus.			
90209	30	22.01.08			VSV	Detaljfoto av område innan foto 90208.			
90210	31	22.01.08			VSV	Den sørlege profilveggen av grøfta, rett V om inngangen til Handelens Hus.			
90211	32	23.01.08			Ø	Oversynsfoto som viser maskina i arbeid med grøfta i Kongsgata.			
90212	33	24.01.08			VNV	Foto som viser murrest påtruffen i grøfta, like V om inngangen til Handelens Hus. Muren er truleg delvis øydelagd av tidlegare graving for røyr og bygning på staden.			
90213	34	23.01.08			V	Bilete av murresten i grøfta.			
90214	35	23.01.08			SSØ	Bilete av murresten i grøfta.			
90215	36	24.01.08			SSØ	Bilete av murresten i grøfta.			

Oppdrag: Overvaking i samband med graving av trasear for naturgass i Stavanger sentrum		Fornminnets art:			År: 2007 - 2008	Fornminnenr./ID-nr.: 132374	Aks.nr.:	Musnr.:	
Fotograf: Even Bjørdal		Brevjournalnr.: 07 / 111		FU-saknr.: 05 / 2007		Flyfotoregnr.:	Datering: 1700-/1800-/1900-talet, e. Kr.		
AmS ansv: Helge Sørheim		Film nr.:		Digital	Kommune: Stavanger		Gård: Bergjeland	Gnr.: 55	Bnr.:
AmS arkivnr	Bildnr	Dato	UTM	Kartblad	Retn.mot	Motiv	UDK-nr		
90216	37	24.01.08			S	Bilete av murresten i grøfta.			
90217	38	24.01.08			S	Bilete av murresten i grøfta. Steinane ligg på mørk, organisk masse av liknande type som påvist lenger Ø i grøfta i Kongsgata.			
90218	39	24.01.08			S	Bilete av murresten i grøfta.			
90219	40	24.01.08			S	Bilete av murresten i grøfta.			
90220	41	24.01.08			S	Bilete av murresten i grøfta.			
90221	42	24.01.08			S	Bilete av murresten i grøfta.			
90222	43	24.01.08			S	Bilete av murresten i grøfta.			
90223	44	25.01.08			S	Bilete av murresten i grøfta.			
90224	45	25.01.08			S	Bilete av murresten i grøfta.			
90225	46	25.01.08			SSV	Bilete av murresten i grøfta. Nokre av steinane på toppen er fjerna.			
90226	47	25.01.08			SSØ	Bilete av murresten i grøfta. Steinar er fjerna, berre nedste omfaret står att.			
90227	48	25.01.08			V	Bilete av murresten i grøfta. Steinane som var i veggen for nye røyr er fjerna, dei resterande kan sjåast i den sorlege grøfteprofilen.			
90228	49	28.01.08			V	Graving av grøfta i området V om murresten. Attverande steinar i muren kan sjåast til venstre på fotoet.			
90229	50	28.01.08			NNØ	Oversynsfoto som viser maskina i arbeid like ved nedkøyrsla til parkeringshuset på Domkyrkjeplassen.			
90230	51	29.01.08			SØ	Grøfta med ymse røyr, på hjørnet av Handelens Hus.			
90231	52	30.01.08			V	Grøfta med ymse røyr, på hjørnet av Handelens Hus. Profilen mot S viser lag av påfyldt masse.			
90232	53	30.01.08			SSØ	Grøfta med ymse røyr, på hjørnet av Handelens Hus. Profilen mot S viser lag av påfyldt masse.			
90233	54	30.01.08			S	Detaljfoto av profilvegg mot S i grøfta, område innan foto 90232.			
90234	55	05.02.08			Ø	Foto som viser trasé for grøfta inn mot inngangen til parkeringshuset.			
90235	56	05.02.08			SSØ	Foto som viser trasé for grøfta inn mot inngangen til parkeringshuset.			
90236	57	12.02.08			SSV	Oversynsfoto som viser oppstart av grøftegraving på austsida av Klubbgata, i retning Pedersbakken.			

Oppdrag: Overvaking i samband med graving av trasear for naturgass i Stavanger sentrum		Fornminnets art:			År: 2007 - 2008	Fornminnenr./ID-nr.: 132374	Aks.nr.:	Musnr.:	
Fotograf: Even Bjørdal		Brevjournalnr.: 07 / 111		FU-saknr.: 05 / 2007		Flyfotoregnr.:	Datering: 1700-/1800-/1900-talet, e. Kr.		
AmS ansv: Helge Sørheim		Film nr.:		Digital	Kommune: Stavanger		Gård: Bergjeland	Gnr.: 55	Bnr.:
AmS arkivnr	Bildnr	Dato	UTM	Kartblad	Retn.mot	Motiv	UDK-nr		
90237	58	14.02.08			NV	Den første delen av grøfta, berre påfylde masser her.			
90238	59	15.02.08			N	Oversynsfoto som viser traséen for grøfta ved Obstfelders plass, langs bygget til servicekontoret.			
90239	60	15.02.08			V	Dei første 10 metrane av grøfta langs servicekontoret.			
90240	61	18.02.08			Ø	Grøfta langs servicekontoret, nordleg profilvegg med lag av påfylde massar.			
90241	62	18.02.08			ØSØ	Same stad som foto 90240, men viser den sørlege profilveggen.			
90242	63	20.02.08			V	Restar av ein mur dukkar opp i den nordlege delen av grøfta, ligg parallelt med denne. Stamma truleg frå ein bygning som har stått her.			
90243	64	20.02.08			V	Foto av murresten i grøfta.			
90244	65	20.02.08			Ø	Foto av murresten i grøfta.			
90245	66	20.02.08			V	Foto av murresten i grøfta.			
90246	67	20.02.08			Ø	Foto av murresten i grøfta.			
90247	68	20.02.08			N	Foto av murresten i grøfta. (1 av 8, foto frå V mot Ø)			
90248	69	20.02.08			N	Foto av murresten i grøfta.			
90249	70	20.02.08			N	Foto av murresten i grøfta.			
90250	71	20.02.08			N	Foto av murresten i grøfta.			
90251	72	20.02.08			N	Foto av murresten i grøfta.			
90252	73	20.02.08			N	Foto av murresten i grøfta.			
90253	74	20.02.08			N	Foto av murresten i grøfta.			
90254	75	20.02.08			N	Foto av murresten i grøfta. (8 av 8, lengst mot Ø).			
90255	76	20.02.08			N	Foto av murresten i grøfta og flate steinar i botnen av grøfta. Røyra blei lagt ned på desse flate steinane, dvs at steinane i botnen av grøfta (mogleg rest av golv?) blei ikkje fjerna. (1 av 3)			
90256	77	20.02.08			N	Foto av murresten i grøfta og flate steinar i botnen av grøfta. Røyra blei lagt ned på desse flate steinane, dvs at steinane i botnen av grøfta (mogleg rest av golv?) blei ikkje fjerna. (2 av 3)			

Oppdrag: Overvaking i samband med graving av trasear for naturgass i Stavanger sentrum		Fornminnets art:		År: 2007 - 2008	Fornminnenr./ID-nr.: 132374		Aks.nr.:	Musnr.:	
Fotograf: Even Bjørdal		Brevjournalnr.: 07 / 111		FU-saknr.: 05 / 2007		Flyfotoregnr.:		Datering: 1700-/1800-/1900-talet, e. Kr.	
AmS ansv: Helge Sørheim		Film nr:		Digital	Kommune: Stavanger		Gård: Bergjeland	Gnr.: 55	Bnr:
AmS arkivnr	Bildnr	Dato	UTM	Kartblad	Retn.mot	Motiv	UDK-nr		
90257	78	20.02.08			N	Foto av murresten i grøfta og flate steinar i botnen av grøfta. Røyra blei lagt ned på desse flate steinane, dvs at steinane i botnen av grøfta (mogleg rest av golv?) blei ikkje fjerna. (3 av 3)			
90258	79	27.02.08			N	Oversynsfoto som viser grøft like ved Tinghuset og Bergelandsgata. St. Petri-kyrkja i bakgrunnen.			
90259	80	27.02.08			S	Detaljfoto av tilhøva i grøfta ved Tinghuset, moderne massar og berggrunn.			
90260	81	10.03.08			N	Grøft på vestsida av Bergelandsgata, rett på nordsida av krysset med Pedersbakken.			
90261	82	10.03.08			N	Oversynsfoto som viser plasseringa av grøfta på foto 90260.			
90262	83	10.03.08			NNØ	Tilhøva i grøfta frå foto 90260.			
90263	84	10.03.08			SSV	Oversynsfoto som viser grøftene i høve til Tinghuset og Bergelandsgata.			
90264	85	13.03.08			S	Del av grøft på vestsida av Bergelandsgata. Trasé med eldre røyr og påfylde massar.			
90265	86	13.03.08			SSØ	Detalj frå grøfta på foto 90264.			
90266	87	13.03.08			V	Oversynsfoto som viser området for grøfta vist på foto 90264.			
90267	88	14.03.08			N	Oversynsfoto som viser området for grøfta vist på foto 90264.			
90268	89	05.05.08			VSV	Detaljfoto frå del av grøft langs vestsida av Østervågskaien.			
90269	90	05.05.08			VNV	Oversynsfoto som viser område for grøft på foto 90269.			
90270	91	05.05.08			NNV	Foto som viser del av trasé for grøft langs vestsida av Østervågskaien.			
90271	92	05.05.08			V	Oversynsfoto som viser traséen langs vestsida av Østervågskaien.			

1



Plottet av : borred
Plottet dato: 16.01.2007
 Prosjekt nummer : 61-10077 - 61-10081
 Beskrivelse : Stavanger sentrum - gassgrøfter
 Trase for gass
 Lyse infra vi Dypesland - 51 90 87 52



Målestokk
1:1 000

Vedlegg 2
 Teiknforklaring:
 Grønt: del av trasé som vart overvaka